

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 6

Fylke: Buskerud

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: *Hemsedal*Emne: *Folkelege musikkinstrument*

Bygdelag:

Oppskr. av: *Ola Rudvin (f. 1898)*

Gard:

(adresse): *Hammestadgt. 12 B^{II}, Oslo*

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Bygda har aldri vore nokon spellemannsbygd. Det har nok frå gammalt av vore spelt ikkje så lite (til dans og gjestebod især), og bygda har hatt fleire spellemenn som var flinke etter måten (skundom kom og utanbygds spellemenn og spelte). Men eg fekk ikkje det innbrykket i min oppvekst at musikken vart store dyrka i bygda. (Det gjorde vel forresten sitt at eg for min personlege del var heilt unusikalisk og lite brydde meg om musikkinstrument og slike ting, difor kom eg heller ikkje over det som kanskje måtte ha vore).

Felle var vel det instrumentet som vart mest nytta i gamal tid. (Spiler såg eg inga felle i min oppvekst, anna enn dei nye som kom seinare).

Salmodikon vart nytta av lærarane (i nyare tid orgel) og somme andre som var interesserte i musikk. (Far min hadde salmodikon, like ein eit par av grannane). Grannen vår hadde ein s. - eg trur mest han måtte vera heimgjord-

2
som han hadde to strenger på (som han strank samstundes så vidt eg hugser).

Av andre instrument har eg høyr
nemnt, men aldri sett: karpe, langeleik,
lu(r), pillarkødu, munhørpe (eldre form
på ordet!) og fløyte. (Me smågutane laga oss
fløyte om viiren når barken til å "gå", helst
av vier og solju, men rettelige musikl-
instrument vart ikkje det. Når me blei på
fløyte mine, sa dei voksne: "Du må ikkje
blåse på fløyte mine, for då vert det regn!".)


x

I nyare tid kom det - i samband
med den religiøse songen - gitar,
siter, fele, fløyte og mandolin.

Et byinstrument som kom inn før
(og i eldre tid vart mykje nytta til dans)
var belgjespelet (trekkspelt). I det siste
har det og vorte nytta i den religiøse
musikken.

x

Av larminstrument har eg sett kråkeskrelle.
Vidare kan nemnast at me smågutane laga oss plistre (fløy-
te) av gjelikol, vidare fekk me låt (svirring) i den innholde
kyrtjilm-stylken ved å laga ei 3-4 cm lang skjere på
langt i veggen, ved å brenne tuppen på løvetannstykken (den
vart då mjukt og kulla seg i hop, og svirra når ein
blås han ut att), og ved å blåse inn i handloven
når me la hendene i hop



Kråkeskrelle (ei trespile gjikk over eit kjevle som vart drege rundt).
(med rifler på)

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

G. R.

1129